





FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL

SILOKONTROLLEN

1984



MILJØVERNDELINGA
Fylkeshusa
6400 MOLDE

Rapport nr. 5-1985

R A P P O R T F R Å
S I L O K O N T R O L L E N
1 9 8 4

FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL

MILJØVERNDELINGA

APRIL 1985

FORORD

Etter forskriftene om silopressaft er Fylkesmannen pålagt å føre tilsyn med oppsamling, lagring og disponering av silopressafta på dei enkelte bruka. Denne rapporten gir eit oversyn over det kontrollarbeidet som har vore utført sommaren 1984, samt nokre resultat og erfaringar frå dette arbeidet.

Kontrollane har vore utførte av fast tilsette ved Miljøvern-avdelinga og engasjert personale. Sommaren 1984 var DH-kandidat Kåre M. Halle og stud.agr. Borghild Wingan engasjerte i dette arbeidet.

Denne rapporten er utarbeidd av avd. ing. Ola Halle ved Miljøvern-avdelinga.

INNHALDSLISTE

	side
0. SAMANDRAG	3
1. INNLEIING	3
2. KONTROLLOPPLEGG	4
3. RESULTAT FRÅ KONTROLLEN	4
4. REAKSJON FRÅ FYLKESMANNEN	6
5. VURDERING OG KONKLUSJON	8

VEDLEGG 1. Oversikt over sjøområde som bør holdast
fri for pressaftutslepp

VEDLEGG 2. Kontrollskjema

0. SAMANDRAG

Silokontrollen i 1984 har vore utført omlag i same omfang som dei siste åra. I alt har 449 bruk vorte kontrollerte, og av desse har 288 (64%) fått pålegg om å gjennomføre større eller mindre utbetringar. Av desse har 13 fått påleggsbrev med varsel om forurensningsgebyr i området 1.000 - 5.000 kroner. Dessutan er 10 brukarar melde til politiet for brot på forskriftene om silopressaft, og desse er ilagt bøter på 1.500 - 8.000 kroner.

Dei årsakene til forurensning som dominerer, er lekkasje frå siloar og gjødsellager samt manglar ved drifta av anlegga. Tiltak som utvendig drenering rundt siloar og tetting av gjødselportar/-kjellarar, vil derfor kunne redusere faren for forurensning. Når det gjeld manglane ved drifta av anlegga, skuldast dei ofte at anlegga har innebygd for liten tryggleik mot uhell. Det vil derfor vere viktig at ein allereie under planlegginga av nye siloar og driftsbygningar søker etter løysingar som ikkje er avhengige av at pumpe, pumpeautomatikk og straumtilførsel er inntakt til ei kvar tid.

Hovudinntrykket frå kontrollen er at forholda har vorte betre i dei områda der det har vore omfattande kontrollar tidlegare, men at situasjonen i andre område er omlag som før. Det er derfor framleis behov for å halde fram med kontrollen i same omfang som tidlegare.

1. INNLEIING

Forskrifter om silopressaft, fastsett av Miljøverndepartementet 10.06.1982, gjeld for siloanlegg der oppsamling, lagring og disponering av silopressaft kan føre til forurensning.

Forskriftene krev at silopressafta skal samlast opp, lagrast og disponerast slik at det ikkje fører til forurensning eller fare for forurensning av vassdrag eller grunnvasskjelder som det knyter seg drikkevassinteresser til.

Forskriftene gir høve til å sleppe pressaft til opne hav/sjøområde med gode straum- og utskiftingsforhold. Fylkesmannen og landbruksselskapet utarbeidde i 1974 ei liste over sjøområde i Møre og Romsdal som bør haldast fri for pressaftutslepp. Denne lista er vist i vedlegg 1.

Fylkesmannen er pålagt å føre tilsyn med at forskriftene blir følgd, medan eigaren og brukaren av siloanlegget er ansvarleg for at desse forskriftene blir følgd.

2. KONTROLLOPPLEGG

Kontrollarbeidet har vore konsentrert til dei mest utsette områda i fylket. I område der det ikkje har vore kontroll tidlegare, blei kvart enkelt bruk kontrollert. I område der det tidlegare har vore gjennomført omfattande kontrollar på kvart enkelt gardsbruk blei det berre gjennomført stikkprøvekontrollar, samt foreteke nøyare granskningar i vassdraga. Bruka har deretter vore oppsøkt på grunnlag av observasjonar i vassdraga. Dessutan er innkomne klager på forurensning frå landbruket forsøkt følgd opp i størst mogleg grad.

Dei brukarane som fekk pålegg om større utbetringar i 1983, fekk også krav om at anlegget skulle godkjennast av landbrukskontoret i kommunen før det blei teke i bruk på ny. Fylkesmannen mottok svært få meldingar om slik godkjenning i første omgang, og gjennomførte derfor etterkontroll på ein del av dei andre bruka i løpet av sommaren. Etter purring til brukarane om å sende inn melding om godkjenning hausten 1984, har det sidan kome inn ein del meldingar om godkjenning av landbrukskontoret.

På det enkelte bruk blei siloanlegg, oppsamlingssystem og disponeringsmåte for pressafta gått igjennom saman med brukaren. Til hjelp ved gjennomgangen blei det nytta eit skjema som er vist i vedlegg 2. Kopi av utfylt skjema blei levert til brukaren ved kontrollen, slik at han kunne kome med eventuelle merknadar til opplysningane i løpet av 14 dagar.

Møre og Romsdal er utpeika som eit av fleire prøvefylke, for å teste eit EDB-program til bruk i samband med silokontrollarbeid. Programmet er utarbeidd ved eit samarbeid mellom Kvam Data A/S og Fylkesmannen i Rogaland, og Fylkesmannen i Møre og Romsdal tok dette i bruk hausten 1983. Programmet blir bruka til registrering av opplysningane på kontrollskjemaet, og seinare i samband med utskriving av påleggsbrev. Utprøvinga av programmet er no for det meste ferdig, og skal frå sommaren 1985 bli eit tilbod til alle fylke. Frå sommaren 1985 er det også målsettinga å kunne sende ut påleggsbrev innan ein månad etter at kontrollen er gjennomført, slik at arbeidet med å gjennomføre utbetringane kan kome i gang tidlegare.

3. RESULTAT FRA KONTROLLEN

På kontrollskjemaet for kvart enkelt bruk er det kryssa av for om det er påvist utslepp av pressaft frå silo/oppamlingsanlegg, og om det er påvist forurensning av vassdrag. Tabell 1 viser ei oversikt over dette for kontrollen i 1984. Tabell 5 viser ei oversikt over tal på bruk med påvist utslepp av pressaft i dei enkelte kommunane.

Tabell 1. Registrering av utslepp frå anlegg og forureining av vassdrag.

Utslepp Forurensning	Påvist	Sannsynleg	Ikkje påvist	Ikkje avkryssa	Sum
Påvist	148	5	2	0	155
Sannsynleg	36	11	2	0	49
Ikkje påvist	59	6	164	1	230
Ikkje avkryssa	0	0	13	2	15
Sum	243	22	181	3	449

Årsaka til forurensning frå bruka kan vere mange. Tabell 2 viser ei oversikt over dei ulike forurensningskjeldene og talet på manglar av ulik type. Det kan vere registrert fleire manglar på enkelte bruk.

Tabell 2. Oversikt over ulike typar manglar.

Forurensnings- kjelde	Mangel	Tal på manglar	Sum pr f.-kjelde
Silo	Lekkasje botn eller vegg Lukelekkasje	110 14	124
Rør frå silo	Lekkasje	9	9
Pumpekum	Lekkasje Ulovleg overløp For liten kapasitet	13 3 4	20
Pumpe	For liten kapasitet Automatikkfeil Væsknivå over innkopl.nivå Væsknivå over rør frå silo Gir ikkje nok væske Pumpehavari	0 2 0 3 0 5	10
Mellomlager	Lekkasje For liten kapasitet	3 4	7
Tankvogn	Lekkasje For liten kapasitet	10 0	10
Gjødsellager	Lekkasje For liten kapasitet	142 7	149
Landkum	Lekkasje For liten kapasitet	2 0	2
Drift	Pumpeleidning lekk Pumpe ikkje montert Automatikk manglar Motorvern bryter av Stikkontakt ikkje i Overløpsdrift Pumpekum rent over Tankvogn rent over Gjødselk./landkum rent over Dårleg spreiding Inspeksjonshøve manglar Plansilo for nær bekk Direkte utslepp Anna, sjå merknad	1 23 1 0 9 8 17 3 6 74 0 6 26 51	226
Sum			557

Disponeringsmåten for pressafta er også registrert på kontrollskjemaet for dei fleste av dei kontrollerte bruka i 1983 og 1984. Tabell 3 viser ei oversikt over disponeringsmåten ved desse bruka. Ein vil legge til at "Infiltrasjon av pressafta", og "Spreiing med slange utan spreiar" ikkje lenger er godkjende disponeringsmetodar.

Tabell 3. Pressaftdisponering.

Disponeringsmåte	Tal på bruk
Pressaft til gjødsellager	296
Pressaft til landkum	28
Spreiing med tankvogn	102
Spreiing med flyttbar spreiar	59
Spreiing med slange utan spreiar	31
Infiltrasjon av pressafta	77
Føring av pressafta	8
Godkjent direkteutslepp til sjø	17
Sum	618

4. REAKSJON FRÅ FYLKESMANNEN

På grunnlag av opplysningane på kontrollskjemaet har ein del av brukarane seinare fått påleggsbrev frå fylkesmannen om å utbetre anlegga sine, slik at dei blir i samsvar med forskriftene. Brukarane har vorte viste til landbrukskontora i dei enkelte kommunane når det gjeld rettleiing og planlegging av nødvendige utbetringstiltak.

Fylkesmannen har ved kontrollen i 1984 skilt mellom to ulike typar påleggsbrev. Fylkesmannen har i breva kome med merknadar til anlegga, og dessutan skilt mellom større og mindre utbetringar. Ved større utbetringar blir det kravd at anlegget skal godkjennast av landbrukskontoret i kommunen før det blir teke i bruk på nytt.

I 1984 har dessutan Fylkesmannen i nokon grad teke i bruk forurensningsgebyr. Gebyret forfell til betaling dersom fristen for utbetringa blir overskride. Dette har i første rekke vore nytta i samband med etterkontrollen. I dei grovaste tilfella av brot på forskriftene har brukarane vorte meldt til politiet.

Tabell 4 viser ei oversikt over talet på ulike typar reaksjonar frå Fylkesmannen, medan tabell 5 viser fordelinga på dei ulike kommunane der det har vore silokontroll i 1984, samt talet på kontrollerte bruk i dei enkelte kommunane.

Tabell 4. Reaksjon frå Fylkesmannen

Reaksjon	Tal på bruk	%
Pålegg om større utbetringar	112	24,9
Pålegg om mindre utbetringar	176	39,2
Ikkje pålegg	161	35,9
Forurensningsgebyr	13	2,9
Meldt til politiet	10	2,2

Tabell 5. Kommunevis fordeling.

Kommune	Kontrollerte bruk	Bruk m. påvist utslepp	Bruk med pålegg	Pålegg om større utbedr.	Pålegg om mindre utbedr.	Forurensningsgebyrr	Meldt til politiet
Aukra	5	3	3	1	2		
Aure	17	11	12	6	6		2
Averøy	11	10	10	0	10		
Eide	9	9	9	0	9		
Fræna	56	40	46	12	34		2
Gjemnes	19	10	10	4	6	2	
Halsa	26	19	21	10	11		
Haram	2	0	0	0	0		
Hareid	15	3	4	0	4		
Molde	7	5	5	3	2		
Neset	14	7	7	2	5		
Norddal	3	1	0	0	0		
Rauma	33	13	14	4	10		
Rindal	10	6	9	6	3	5	
Skodje	7	4	4	2	2		
Smøla	21	11	13	7	6		2
Stordal	2	1	1	1	0	1	
Stranda	14	8	9	0	9		
Sunndal	5	4	3	0	3		
Surnadal	48	23	29	22	7	5	1
Sykkylven	7	0	1	1	0		
Tingvoll	36	18	22	7	15		1
Vanylven	21	8	15	4	11		
Vestnes	6	6	6	0	6		
Ørskog	4	1	2	1	1		
Ørsta	51	22	33	19	14		2
Sum	449	243	288	112	176	13	10
Sum %	100	54	64	25	39	2,9	2,2

5. VURDERING OG KONKLUSJON

Ved silokontrollen i 1984 blei det påvisst utslepp av silopressaft frå 54% av dei kontrollerte gardsbruka, medan det blei påvist forurensning av vassdrag ved 35% av dei 449 kontrollerte bruka. Av desse bruka har 64% fått pålegg om utbetringar på grunn av at oppsamling, lagring eller disponering av silopressafta medfører forurensning eller fare for forurensning av vassdrag. Dessutan har 13 brukarar fått påleggsbrev med varsel om forurensningsgebyr i området 1.000 - 5.000 kroner, og 10 brukarar er melde til politiet for brot på forskriftene om silopressaft. Desse er ilagt bøter på 1.500 - 8.000 kroner.

Samanlikna med dei siste åra, er den delen av brukarane som har fått påleggsbrev omtrent den same. Dette tyder på at det er svært liten betring av situasjonen, men fortsatt er dei fleste av kontrollane gjennomførte i område som ikkje har vore kontrollert tidlegare. I dei områda der det tidlegare har vore omfattande kontrollar, er det påvist ei betring i forholda. Denne forskjellen går klårt fram dersom ein samanliknar resultatata frå kontrollane i Aure og Hareid kommunar (tabell 5). I Aure har det ikkje vore kontrollar tidlegare, medan det området i Hareid som vart kontrollert i 1984, også har vore kontrollert tidlegare.

Dei forurensningskjeldene som dominerer når det gjeld manglar ved anlegga, er siloar, gjødsellager og drifta av anlegga. For siloane er det lekkasje i botn og vegger, og spesielt lekkasje i overgangen mellom botn og veggen som dominerer når det gjeld manglar. Når det gjeld gjødsellager er det påvist manglar ved kvart tredje bruk, medan det er manglar ved drifta ved nesten halvparten av dei kontrollerte bruka. Av manglar ved drifta er det at pressaftpumpa ikkje er montert, dårleg spreing og direkte utslepp som er mest vanleg. Tiltak som utvendig drenering rundt siloar, tetting av gjødselportar/-kjellarar og betre oppfølging av drifta av anlegga, vil derfor kunne redusere antal tilfelle av forurensning.

Tala viser at situasjonen er langt frå akseptabel, og at dei løysingane som tradisjonelt vert bruka for oppsamling av pressafta er for dårlege. Løysingane har ikkje innebygd tilstrekkeleg tryggleik mot uhell og utslepp. Dette har blant anna samanheng med at svært mange av anlegga er basert på pumping av pressafta. Hovudinntrykket er derfor at leing av pressafta til tett gjødsellager eller anna mellomlager ved sjølvfall frå siloen er den sikraste løysinga. Det vil derfor vere viktig at ein allereie under planlegginga av nye siloar og driftsbygningar søker etter løysingar som ikkje er avhengige av at pumpe, pumpeautomatikk og straumtilførsel er inntakt til ei kvar tid.

Dei tiltak som blir gjort med å tette gjødselkjellarar for å tilfredsstille forskrifter om lagring og spreing av husdyrgjødsel, vil også etter kvart føre til mindre utslepp av pressaft i dei tilfella der gjødselkjellaren blir nytta som lagerplass for pressafta.

Vedlegg 1. Oversikt over sjøområde
som bør holdast fri for utslepp
av silopressaft.

Vanylven	---
Sande	Vågen på Sandsøya
Herøy	Gursken innafor Sandvikneset/Hauge
Ulstein	---
	Strækningen Dimnasund/Sundgotsund
	Botnavika
	Haddalsvika
Hareid	Hjørungavågen/Liavågen
Volda	Kilspollen
Ørsta	Austefjorden innafor Skaarnes/Årset
	Norangs fjorden innafor Stenes/Maude
	Hjørungafjorden innafor Kallneset/Finnes
	Ørstafjorden (? - resipientundersøking)
Sykkylven	Sykkylvsfjorden innafor Riksheim/Y.Tandstad
Stranda	---
Norddal	---
Alesund	Eidsvågen på Ellingsøya
	Storevalen og Valane på Sula
	Vegsundet/Eidsundet/Mauseidvågen
Giske	---
Haram	Vestrefjorden innafor Langset/Bjørkvoll
Ørskog	Remmepollen
	Skodjevika
	Solnørvika
Rauma	Vågen ved Vågstranda
	Hamrevågen
Vestnes	Flatevågen
Midsund	Rakvågen innafor brua
Sandøy	---
Aukra	Nerbøvågen
Frana	Halme fjorden innafor Elnestangen/Hoarneset
Molde	Fannefjorden innafor Ulleland/Nesa/Kleivneset
Neset	---
Sunnadal	Alvundfjorden innafor Levik/Slethaug
Tingvoll	Tingvollvågens inste del
	Karihavet
	Strømsvågen
	Meisingsetvågens inste del
Halsa	Skålvikfjorden innafor Korsnes/Steinlien
	Valsøyfjorden innafor Otnes/Valsøy/Stokka
Surnadal	Åsgardfjorden innafor Settem/Bø
	Hannesfjorden innafor Solem/Hamnes
Rindal	---
Eide	Sandblåstvågen/Gaustadvågen
	Endsetvågen
Gjemnes	---
Averøy	Staurnesvågen
	Sætervågen
	Hendvågen
	Stølavågen
	Nekstadvfjorden/Bæfjorden
	Ekkilsøyvika
	Kristvikvågen
	Kårvågen
Frei	---
Kristiansund	---
Tustna	Leirsundet/Leirvalen
	Linnvågen
	Kråksundet
Aure	Foldfjorden
	Lesundet
Smøla	Skjølbergvågen
	Klakkavågen
	Grundvågen
	Hopenvågen
	Leirvikvågen

FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL

KONTROLLSKJEMA FOR SILOANLEGG

FOHUNE	KOMMUNENR.	CHR	BHR
<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>
EIER	POSTNR.	POSTSTED	
<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>	
BRUKER/FOBPAKTER	POSTNR	POSTSTED	
<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>	
STED/GÅRDSNAVN	KARTNR.	UTM.	
<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>	
HOVEDVASSDRAG	DELVASSDRAG	VASSDRAGSNR.	
<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>	

DATE	KONTROLLØR	FOR INNLAGT	TOTALT SILOVOLUM H ₃
<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="text"/>
UTSLIPP FRA ANLEGGET:	01 PÅVIST <input type="checkbox"/>	02 SANNSYMLIG <input type="checkbox"/>	03 IKKE PÅVIST <input type="checkbox"/>
FORURENSING AV VASSDRAG:	01 PÅVIST <input type="checkbox"/>	02 SANNSYMLIG <input type="checkbox"/>	03 IKKE PÅVIST <input type="checkbox"/>
ANBEFALT REAKSJON:	PÅLEGGSBREV <input type="checkbox"/>	LANOBR MYND <input type="checkbox"/>	F.GEBYR <input type="checkbox"/> ANMELDelse <input type="checkbox"/>

FORURENSINGSKILDE	MANGEL
<input type="checkbox"/> 100 SILO	<input type="checkbox"/> 201 LEKKASJE BUNN EL. VEGG
<input type="checkbox"/> 010 RØR	<input type="checkbox"/> 202 LUKELERKASJE
<input type="checkbox"/> 070 PUMPEKUM	<input type="checkbox"/> 203 LEKKASJE
<input type="checkbox"/> 030 PUMPE	<input type="checkbox"/> 203 LEKKASJE
<input type="checkbox"/> 050 HELLØMLAGER	<input type="checkbox"/> 204 ULØYVIG OVERLØP
<input type="checkbox"/> 060 TANKEVOGN	<input type="checkbox"/> 205 FOR LITEN KAPASITET
	<input type="checkbox"/> 205 FOR LITEN KAPASITET
	<input type="checkbox"/> 206 AUTOMATIKKFEIL
	<input type="checkbox"/> 207 VASKENIVÅ OVER INNEOPL. NIVÅ
	<input type="checkbox"/> 208 VASKENIVÅ OVER RØR FRA SILO
	<input type="checkbox"/> 209 GIR IKKE NOK VASKE
	<input type="checkbox"/> 210 PUMPEHÅVARI
	<input type="checkbox"/> 203 LEKKASJE
	<input type="checkbox"/> 205 FOR LITEN KAPASITET
	<input type="checkbox"/> 203 LEKKASJE
	<input type="checkbox"/> 205 FOR LITEN KAPASITET

FORURENSINGSKILDE	MANGEL
<input type="checkbox"/> 082 GJØSELLAGER	<input type="checkbox"/> 203 LEKKASJE
<input type="checkbox"/> 083 LANDEKUM	<input type="checkbox"/> 205 FOR LITEN KAPASITET
<input type="checkbox"/> 090 DRIFT	<input type="checkbox"/> 203 LEKKASJE
	<input type="checkbox"/> 205 FOR LITEN KAPASITET
	<input type="checkbox"/> 211 PUMPELEDNING LEKKER
	<input type="checkbox"/> 212 PUMPE IKKE MONTERT
	<input type="checkbox"/> 213 AUTOMATISK MANGLER
	<input type="checkbox"/> 214 MOTORVERNØRYTER AV
	<input type="checkbox"/> 215 STIKKONTAKT IKKE I
	<input type="checkbox"/> 216 OVERLØPSDRIFT
	<input type="checkbox"/> 217 PUMPEKUM RENT OVER
	<input type="checkbox"/> 218 TANKEVOGN RENT OVER
	<input type="checkbox"/> 219 GJØSELKJ/LANDEKUM RENT OVER
	<input type="checkbox"/> 220 DÅRLIG SPRENING
	<input type="checkbox"/> 221 INSPEKSJONSMØI GNET MANGLER
	<input type="checkbox"/> 222 PLANSILO FOR NÅR BEK
	<input type="checkbox"/> 223 DIREKTE UTSLIPP
	<input type="checkbox"/> 224 ANNET. SE MERKNAI
	<input type="checkbox"/> 095 UKJENT

MERKNAI

	100 SILO TYPE	105 LEGG VOLUM	110 BYGGE ÅR	110 BYGGE- HÅTE	120 TETTING	130 INNV ØRENERING
1						
2						
3						
4						
5						
6						

VOLUMTABELL FOR RUND SILO

H	3	4	5	6	8
12	85	150	235	339	603
11	78	138	215	311	552
10	71	125	196	282	502
9	63	110	176	256	452
8	56	100	157	225	402
7	49	88	137	196	351
6	42	75	118	170	301

3 4 5 6 8 8

100 SILO

- 101 TÅRNSILO, BETONG
- 102 TÅRNSILO, TRE
- 103 TÅRNSILO, BETONG
H/OVERSILO AV TRE
- 104 TÅRNSILO, STÅL
- 105 TÅRNSILO, STÅL
U/AVRENNING
- 106 TÅRNSILO, PLAST
- 107 PLANSILO, TRE
- 108 PLANSILO, BETONG
- 109 PLANSILO, DIREKTE
PÅ BAKKEN

110 BYGGEHÅTE

- 111 BØYD STØPT FØR
SILOVEGG
- 112 BØYD STØTT ETTER
SILOVEGG
- 113 BØYD OG 1. RING
STØPT I ETT

120 TETTING

- 121 PLASTDUK
- 122 SILOSMØRING
- 123 HELSYRETT POSE
- 124 ANNET

130 INNVENDIG ØRENERING

- 131 IKKE TILFØRSSTILLEHDE
- 132 TILFØRSSTILLEHDE

010 RØR FØR SILO

- 011 BETONG
- 012 GLASSERT TEGL
- 013 PLAST (ABS, PVC)
- 014 TRYKKRØR AV POLYETYLEN (PE)
- 015 ANNET TYPE

050 MELLOMLAGER

- | | VOLUM M ³ |
|---|----------------------|
| <input type="checkbox"/> 051 BETONG U/SYREVERN | _____ |
| <input type="checkbox"/> 052 BETONG M/SYREVERN | _____ |
| <input type="checkbox"/> 053 BETONG H/PLASTDUK | _____ |
| <input type="checkbox"/> 054 PLASTFØR | _____ |
| <input type="checkbox"/> 055 PVC-BELAGT TEKSTIL | _____ |
| <input type="checkbox"/> 056 LAGRING I FØRSILO | _____ |
| <input type="checkbox"/> 059 ANNET | _____ |

020 PUMPERUM

- 021 PLAST
- 022 BETONGRINGER U/SYREVERN
- 023 BETONGRINGER M/SYREVERN
- 024 PLASSTØPT BETONG U/SYREVERN
- 025 PLASSTØPT BETONG M/SYREVERN
- 029 ANNET TYPE

060 TANKVOGN

- | | VOLUM M ³ |
|--|----------------------|
| <input type="checkbox"/> 061 OOFF | _____ |
| <input type="checkbox"/> 062 GUFFEN | _____ |
| <input type="checkbox"/> 063 VAKUUMVOGN | _____ |
| <input type="checkbox"/> 064 LANDKASSE - STÅL | _____ |
| <input type="checkbox"/> 065 LANDKASSE - TRE | _____ |
| <input type="checkbox"/> 066 LANDKASSE - PLAST | _____ |
| <input type="checkbox"/> 069 ANNET | _____ |

030 PUMPE ØRGANG

- 031 MØRHTIC _____
- 032 SERIGSTAD PC14 _____
- 033 SERIGSTAD PC150 _____
- 034 ABS AGR _____
- 035 ABS E-UNIT _____
- 036 JUNG U3K _____
- 037 FLYGT GT 3025 _____
- 038 FLYGT GF 3055 _____
- 039 JUNG U6K _____
- 040 PM6T _____
- 041 DELTA BRD E _____
- 042 SEEPEC 2-B L _____
- 043 SEEPEC 05-S _____
- 044 TRIVSELSSYSTEM _____
- 045 ANNET TYPE _____
- 046 RESERVEPUMPE _____

080 PRESSSAFT DISPONERING

- 081 INSPEKJØNSKUM ELL
- 082 PRESSSAFT TIL GJØDSELLAGER
- 083 PRESSSAFT TIL LANDKUM
- 084 SPRETTING MED TANKVOGN
- 085 FLYTTBAR SPRETTAR
- 086 INFILTRASJØN
- 087 FØRING
- 088 GØKKJENT DIREKTEUTSLEPP

MERKNAD